

Søknad

Søknadsnr.	2013-0009	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Bolyst 2013			
Prosjektnavn	Heim=Fyresdal			

Kort beskrivelse

Eit stadsutviklingsprosjekt med fokus på tilbakeflytting, næringsutvikling, lokale møteplassar, inkludering i idrettsmiljøet, engasjement i ungdomsmiljøet og utvikling av gode bumiljø.

Prosjektbeskrivelse

Folketalsutvikling er den viktigaste indikatoren for regional utvikling, i fylgje Telemarksforsking. Folketalet i Vest-Telemark var på topp i 1961, då det var 17170 innbyggjarar i Vest-Telemark (Næringsutvikling, innovasjon og attraktivitet i VT) På 70- og 80-talet var det ein periode med svak vekst, men i det lange løp har trenden vore negativ. Dei seiste åra er det bare i 2008 det har vore vekst i folketalet. I januar 2011 var det 14 189 personar busett i Vest-Telemark.

Historia til Fyresdal kommune fylgjer Vest-Telemark si i det store og det heile. Fyresdal er den minste kommunen i Vest-Telemark i folketal. Grunna sterkt fallande folketal var det naudsynt for Fyresdal å undersøke moglegheitar for rekruttering av innbyggjarar.

Etter to rundar med rekruttering av Nederlenderar ynskte kommunen å sjå på andre rekrutteringsløysingar. Då kom ideen om å kontakte utflytta fyresdølar opp. Dei utflytte har i mange tilfelle eit nettverk av familie og vener som bur i Fyresdal i dag. Dette nettverket kan vere med å sikre at dei som flytter heim blir verande.

I tillegg til fyresdølar som har vakse opp i Fyresdal, er det ynskje om å trekkje til seg dei som har anna familiær eller eigedomsmessig tilknytning til Fyresdal. Dette kan vere familie dei har besøkt mykje eller gardsbruk/hus/hytter som er mykje bruka som feriestad.

Hypotesen er at røter og tilknytning er faktorar som skaper tilflytting og gjer at tilflyttarar blir verande.

I dag har Fyresdal ca 1344 innbyggjarar. Eit folketal på kring 1400 personar vil gje detaljvarehandel og serveringsstader ei viktig basiskundegruppe og sikre stabil drift. Eit auka folketal vil og gje betre grunnlag for offentlege tenestetilbod. Fleire innbyggjarar vil og sikre fortsett engasjement i lag og organisasjonar. Eit breitt organisasjonsliv er krevjande å drive med få innbyggjarar.

Fyresdal ynskjer ikkje berre å auke folketalet, det er viktig at dei som bur her og dei som flytter hit trivast i bygda vår. I fleire år har kommunen som nemnd busett mange europeiske familiar. Vi har innbyggjarar frå mellom anna Nederland, Belgia, Tyskland, Polen, Litauen og Danmark. Vi har og busett ein del flyktningar frå ulike krigsherja land. For at samfunnet skal trivast med innflyttarar og for at innflyttarane skal trivast i Fyresdal er det viktig for kommunen å jobbe med tiltak som

involverer alle delar av samfunnet. Vi må jobbe saman for at alle grupper skal ha det bra og føle seg inkludert i bygda vår.

Vi meiner vi best kan oppnå gode resultat ved at kommunens ulike sektorar jobbar saman med barn og unge, samt deira organisasjonar, idrettsorganisasjonar og andre frivilljuge organisasjonar og lokalt næringsliv.

Fyresdal er ein kommune full av initiativrike og positive menneske. Fyresdal har eit rikt tilbod innan idrett og kultur, og det er ikkje langt mellom ildsjelene.

Fyresdal har eit stabilt næringsliv, med trygge arbeidsplassar. I fylgje Telemarksforsking har Fyresdal ein høg andel vekstføretak, men mindre enn middels næringstettleik. (Telemarksforsking, 2011) Det tyder at det næringslivet vi har, viser god vekst, men vi treng auke i næringsaktiviteten.

Attraktivitetspyramiden er ein modell som forklarar vekst i bygd og by. I følgje pyramiden kan stader basere veksten sin på tre typar attraktivitet; attraktivitet som bustad, attraktiv for verksemder og attraktiv for besøk. Kvar type attraktivitet har sine egne virkemiddel og strategiar.

Når det gjeld å bli attraktiv som bustad, ynskjer Fyresdal kommune å satse blant anna på bustadbygging, styrke Folkestadbyen og resten av sentrum, og integrering og inkludering i fritidsmiljøa til born og unge. Som eit av tiltaka vil vi utbetre eit nærfriluftslivanlegg i sentrum kalla Hamaren, som vil knyte saman sentrum, skule/barnehage, bustadfelt og omsorgssenter. Området vil bli eit viktig rekreasjonsområde for både born, unge, vaksne, eldre, familiar og grupper.

For å bli attraktiv for verksemder ynskjer Fyresdal kommune å jobbe for å få SIVA næringshage i kontorfellesskapet Fyresdal Næringshage, som i dag eigas og driftast av Telemark Lys AS. Kommunen vil bidra med midlar og kompetanse, samt kontorordningar for verksemder som ynskjer å etablere seg. Fyresdal kommune meiner det er riktig å satse mest på det eksisterande kompetansmiljøet for å stimulere til vekst og nyetableringar.

Kommunen arbeider og for å styrke andre meir produksjonsretta verksemder i kommunen. Næringsutviklingsprosjektet vil gå parallellt med Heim=Fyresdal og har tett dialog.

Butikkane i Folkestadbyen og på Molandsmoen er avhengige av å selje varer og tenester lokalt. Dette prosjektet vil derfor arbeide for at dei relativt mange hytteeigarane i Fyresdal som bur andre stader, brukar meir tid på hytta. Vi ønskjer å gje dei høve til å involvere seg i utvikling av lokale verksemder og tilgang til kontor og nettverk gjennom lånekontor i Fyresdal Næringshage. Vi meiner sterkare tilknytning kan føre til fleire døgn i Fyresdal og høgare etterspørsel etter lokale varer og tenester. Dersom vi lukkast, kan det i beste fall føre til tilflytting.

Prosjektnamnet Heim=Fyresdal sier at Fyresdal kommune skal vere ein god heim for alle. Vi skal ha fokus på verdiar som gjer eit hus til ein heim.

Fyresdal kommune er avhengig av å oppretthalde og auke innbyggjartalet, for å sikre private og offentlege tilbod. Prosjektet vil derfor bruke mykje tid på å stimulere til tilflytting.

For at kommunen skal vere attraktiv for dei som bur her, og tiltrekke seg nye innbyggjarar er vi heilt avhengige av å styrke dei gode bukvalitetane.

Dette prosjektet skal derfor styrke kvalitetar som handlar om å gje gode tilbod og tilgjenge til møteplassar, kultur, opplevingar og interessante arbeidsplassar. Vi vil og ta vare på kvalitetar som fellesskap, dugnadsånd, omsorg og pågangsmot. Vi må arbeide for at nye innbyggjarar og får ta del i dette.

Delprosjekta er ikkje isolerte prosjekt, dei må sjåast i samanheng. Til saman involverar prosjekta ein stor del av bygda og våre organisasjonar. Det at idrettslaga ynskjer å arbeide med inkludering, er positivt for ungdommen i bygda. Det at ungdommen ynskjer å vere vertskap for fleire arrangement, er positivt for handelsstanden. Handelsstanden og idrettslaga vil arbeide for fleire store idrettsarrangement, det er bra for reiselivsverksemdene. Utbygging i Hamaren er bra for idrettslaga, for ungdommen, for oppvekstsektoren, for dei eldre og for innbyggjarane generelt.

Alle tiltaka vil vere med å skape eit betre bumiljø, særleg i Fyresdal sentrum. Men bygging av bustader i sentrum kan og føre til ledige hus og småbruk i grendene, dersom innbyggjarar i grendene vel å flytte til ein meir tilrettelagt bustad i sentrum.

Kommunen ser fram til eit breitt samarbeid for å auke folketalet og for å styrke bulysta og bli-lysta i Fyresdal

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Fyresdal kommune	Sentrum 3870 FYRESDAL	-
Kontakt- person	Monica Sølyst	Sørbygda 3870 FYRESDAL	99240253
Prosjekt- leder	Monica Sølyst	Sørbygda 3870 FYRESDAL	99240253

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Telemark Lys/Fyresdal kommune fikk høsten 2012 kr 150 000 fra Telemark Fylkeskommune til å arbeide frem søknad om SIVA næringshage i Fyresdal.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Fyresdal kommune gjennomførte i perioden 2003-2005 eit prosjekt for rekruttering av hovudsakleg nederlenderar, i samarbeid med Placement as v/Gert Rietman. Prosjektet var svært vellukka og førte til ei tilflytting på 71 personar, og av desse bur ca 50 personar framleis i Fyresdal. I ei tid med generell fråflytting frå distriktskommunar og press på folketalet, vedtok kommunestyret 23.09.2010 å gå inn i ei ny toårig samarbeidsavtale med Placement as.

Kommunen lukkast ikkje på langt nær så godt den andre gongen, som fyrste gongen. Det blei få konkrete resultat. Det er fleire årsaker til dette, mellom anna finanskrisa i Nederland og at mange kommunar i Noreg kjempar om dei same nederlendarane.

Ein vesentleg endring av føresetnadene for prosjektgjennomføringa, i tillegg til svak resultatoppnåing gjorde til at kommunen ynskte å sjå på andre tiltak for å skape vekst i folketalet. Dette synt seg enda viktigare då Steinerskulen på Foldsæ la ned i 2010 og mange av dei som var knytt til skuledrifta flytta frå kommunen.

Fyresdal kommune ville nå snu fokus og forsøke å satse på utflytta fyresdølar.

I samarbeid med Vest-Telemark Næringsutvikling (VTNU) gjennomførte Fyresdal kommune ei forstudie der resultatet var ein prosjektspesifikasjon for forprosjektet.

Forprosjektet "Heim til Fyresdal" gjennomførast i perioden 01.08.2012 til 01.04.2013. I løpet av forprosjektet skal prosjektleiar ta direkte kontakt pr telefon med alle utflytte fyresdølar mellom 19 og 39 år. Målet med kontakten er å undersøkje om dei har planar om å flytte heim på kort eller lang sikt. Vi kartlegg og om det er spesielle grunnar til at dei ikkje vil flytte heim, kva dei syns er positivt med Fyresdal, og om det er tiltak kommunen kan gjere for at Fyresdal skal bli meir attraktiv å flytte til.

I forprosjektperioden skal vi i tillegg kartlegge ledige tomter og hus/leiligheter til sal og leige. Vi skal og skaffe oss ei oversikt over arbeidsmarknaden særleg i Fyresdal, men og i nabokommunane. Dei som ynskjer å flytte heim får direkte hjelp til undersøkingar kring bustad og arbeid.

Forprosjektet er godt i gang og tilbakemeldingane så langt er at 10 familiar med til saman 19 barn ynskjer å flytte heim så snart tilhøva ligg til rette, eller vurderer å flytte innan nokre år. I tillegg er det personar utan tilknytning til Fyresdal som ynskjer å flytte hit. Hittil har 4 familiar, til saman 18 personar vært i kontakt og fått bistand av prosjektleinga. Forprosjektet har førebels hatt ei tilflytting.

Vi kategoriserer vi dei kontakta slik: 1) Vil flytte heim så snart tilhøva ligg tilrette for det. 2) Vil flytte heim innan 2-5 år (kanskje inntil 10) 3) Vil ikkje flytte heim.

Det er naudsynt for Fyresdal kommune å gje tett oppfølging til dei i kategori 1) og 2). Dei i kategori 1) treng løpande oppfølging nå, og dei kategori 2) treng oppfølging slik at tilhøva ligg til rette når dei er klare til å flytte.

Hovudprosjektet vil følgje opp særleg kategori 1) og lage rutinar innad i kommuneorganisasjonen for å følgje opp kategori 2) etter prosjektet er avslutta.

I tillegg er det naudsynt, gjennom prosjektperioden, å arbeide med utviklingstiltak som er viktige for å skape tilflytting og viktige for å behalde dei innbyggjarane vi har i dag.

Dei faktorane vil arbeidast med gjennom fem delprosjekt:

- 1) Attraktive bumiljø
- 2) Hamaren Aktivitetspark
- 3) Folkestadbyen
- 4) Aktiv i Fyresdal
- 5) Ungdom tar ansvar

Utvikling av næringshagemiljøet (Referanseprosjekt)

Fyresdal ligg heilt vest i Telemark. Fylket har og ei utfordring med befolkningsveksten, og Fyresdal ligg ikkje i nærleiken av større befolkningsentra. Det er difor heilt naudsynt for Fyresdal å arbeide målretta for å oppretthalde innbyggjartalet og auke attraktiviteten til Fyresdal som bustadkommune.

Prosjekt mål

Resultatmål: Oppretthalde og auke innbyggjartalet, for å trygge offentlege og private tilbod, ved å styrke bli-lyst og bulyst for både noverande innbyggjarar og tilflyttarar, særleg barnefamiljar.

Effekt mål: År 2016 – 1360 innbyggjarar

 År 2018 – 1380 innbyggjarar

 År 2020 – 1400 innbyggjarar

Mål delprosjekt:

1) Attraktive bumiljø:

Sikre attraktive tomter og bustader i Fyresdal

2) Hamaren Aktivitetspark:

Bidra til god folkehelse ved å legge til rette for aktivitetspark for mange målgrupper i Fyresdal sentrum. Innan juni 2015 skal Fyresdal Aktivitetspark opnast for publikum

3) Folkestadbyen:

Sikre trygge arbeidsplassar i handelsstanden i Fyresdal, og bidra til at Folkestadbyen oppretthaldast som ein god møteplass. Innan 2015 skal alle butikkane i Folkestadbyen ha ei auke i omsetting frå i dag (2012)

4) Aktiv i Fyresdal:

Større grad av integrering og inkludering av barn og unge i fritidsmiljøet i Fyresdal.

Innan 2015 skal 60% av flyktningebarn i alderen 5-19 år vere medlem i eit av idrettslaga under Fyresdal Idrettsråd.

Innen 2015 skal 80% av alle tilflytte barn i alderen 5-19 år vere medlem i eit av idrettslaga under Fyresdal Idrettsråd.

Prosjektet tar mål av seg å inkludere både flyktningbarn, tilflytte og andre spesielt utsette barn. Det er imidlertid vanskeleg å måle resultat i den seiste gruppa, grunna m.a. teieplikt.

5) Ungdom tar ansvar:

At ungdom får medverke til ein meir attraktiv heim plass. Bidra til auka returlyst etter utdanning og andre erfaringar utanbygds.

Innan 2015 har vi minst to faste (månadlege) arrangement/aktivitetar, særleg retta mot dei over 15 år

Referanseprosjekt: Utvikling av næringshagemiljøet:

Sikre eit veksande næringsliv og nye arbeidsplassar, med særleg fokus på naturbaserte næringar.

Måla skal etterprøvast i sluttevaluering av prosjektet, samt ei etterevaluering gjennomført av avdeling for bygdeutvikling i februar 2020.

Måla for Bulyst-satsinga er å:

- Legge til rette for at distriktskommunar vert meir attraktive som varig bustad
- Samle kunnskap om kva som påverkar folk sine val når det gjeld bustad

Tiltaka i Heim=Fyresdal vil arbeide for eit betre ungdomsmiljø, eit meir inkluderande miljø for born og unge, eit meir attraktivt sentrum både i høve til friluftaktivitet og eit levande sentrum. I tillegg vil prosjektet arbeide for meir attraktive bustadtomter, og eit større næringsliv, med trygge arbeidsplassar. Desse tiltaka bidreg direkte til at Fyresdal som distriktskommune vert meir attraktiv som varig bustad.

Samstundes skal prosjektet ha kontakt med alle utflytta fyresdølar i alderen 19-39 år. Ved ein personleg og direkte kontakt vil Fyresdal kommune få eit unikt materiale som vil gje oss nyttig informasjon om kvifor fyresdølane velger å bu der dei bur. Kunnskapen kan vi nytte vidare, og den kan vere med å avgjere kvar kommunen skal satse i åra framover, for å sikre at innbyggjarane blir verande.

Forankring

Kommunestyret i Fyresdal løyvde 31.05 2012 700.000 frå næringsfondet til prosjekt "Heim til Fyresdal" (Hovudprosjektnamn endra til Heim=Fyresdal). Prosjektperiode august 2012 til juli 2014. Rådmannen fekk fullmakt til å tilsette prosjektleiar i halv stilling og organisere prosjektet og stillinga slik han fann høveleg i organisasjonen.

Prosjektet har sidan då blitt organisert i forprosjekt og hovudprosjekt, i tråd med PLP-metoden. Hovudprosjektet skal gjennomførast som eit Bulyst-prosjekt.

Hovudprosjektet har ei tidsramme på 3 år. Prosjektet skal starte 1. april 2013 og vare til 31. mars 2016.

Prosjektet tar utgangspunkt i eitt av hovudmåla i kommuneplanen for Fyresdal kommune 2005-2015: Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod, og er såleis i tråd med kommunens mål og strategi.

Prosjektet samsvarer og godt med Mål 1 i Arbeidsprogrammet 2012-2013 utarbeidd av Vest Telemarkrådet: Oppretthalde folketalet og busetnaden i heile Vest-Telemark.

"Bærekraftige Telemark – Regional planstrategi for Telemark 2012-2016" seier " Telemark er avhengig av gode bo- og arbeidsmarkedsregioner. Vi arbeider for å bli attraktive som bosted, bedriftssted og besøkssted. For å oppnå dette er det viktig å ha sterke bysentra og et nettverk av levedyktige tettsteder som fyller ulike roller i hver region. Trygge lokalsamfunn, god folkehelse og

tilgjengelighet for alle, attraktive bomiljø med nærfriluftsliv, gode offentlige tjenester, kultur, opplevelser og fritidstilbud, handel og servicetilbud, gode næringsmiljø og effektive og miljøvennlige samferdselsløsninger er grunnleggende for livskvalitet og et bærekraftig Telemark.”

Fyresdal kommune meiner at prosjektet "Heim=Fyresdal" vil bidra til at Fyresdal blir eit levedyktig lokalsamfunn og resultatet vil vere med å betre omdømet til Telemark, sett over eitt.

Når det gjeld lokal forankring, er prosjektet godt forankra i fleire lag, organisasjonar, bedrifter og sektorar i kommunen. Alle verksemdene i Folkestadbyen har vore med å utarbeidd delprosjektplanen om Folkestadbyen. Idrettsrådet har vore med å utarbeidd prosjektplanen om integrering og inkludering. Ei utbygging av Hamaren Aktivitetspark er sett saman av innspel frå Fyresdal Idrettslag, Eldrerådet, Avdeling for Bygdeutvikling og sektor for kultur og oppvekst. Ungdområdet har hatt workshop og diskutert innhald i planen "Ungdom tar ansvar". Då kommunen skulle avgjere kva for bustadfelt dei ville satse på, vart alternativa lagt ut på kommunens Facebook-side for diskusjon. Til slutt, alle verksemdene i næringshagen har vore med å jobba fram både organisering og utbyggingsplanar for næringshagen. I tillegg er Fyresdal Skogeigarlag engasjert og skal inn som ein av eigarane i det nye bygget.

Innbyggjarar og andre kan lese om og komme med innspill til prosjektet og planane via kommunens nettside, Facebook-side og kommuneinformasjonen (kjem i posten kvar månad til alle innbyggjarar).

Prosjektorganisering

A-eigar: Fyresdal kommune, kommunestyret

B/C-eigarar: Fyresdal Idrettsråd, Telemark Fylkeskommune, Kommunal- og regionaldepartementet

Oppdragsgjevar: Kommunestyret (sak 42-12)

Styringsgruppe: Ordførar, annan polititar, nærings sjef (PA), hovudtillitsvald, Telemark Fylkeskommune

Samarbeidspartnere

Telemark Fylkeskommune

Fyresdal Næringsorganisasjon

Telemark Lys

Fyresdal Ungdomsråd

Fyresdal Ungdomsklubb

Fyresdal Idrettslag

Aktiv Lek

Folkestadbyen - butikkane i sentrum

Gimle Skule

Fyresdal barnehage

Aktiviteter

HA1-Planlegge og finansiere prosjektet

Planlegge prosjektet

Finansiere prosjektet

Forankring

HA2-Koordinering av hovudprosjekt og delprosjekt

PL HP deltek i delprosjekta sine prosjektgrupper

Kontinuerleg dialog med prosjektleiing i delprosjekta.

Leiing av mindre delprosjekt og felles aktivitetar styrt av hovudprosjektet, som t.d arrangement for alle innbyggjarar for å styrkje stadkjensle.

HA3-Statusrapportering

Dokumentere styring og framdrift innan prosjektets rammer

Utarbeide statusrapport for hovudprosjekt og delprosjekt

HA4-Oppfølging av heimflyttarar

Sikre god dialog med dei som ynskjer å flytte til Fyresdal

Følgje opp dei som er i flyttefase

Bistå med hjelp til arbeid, bustad og andre behov.

Regelmessig kontakt med dei som ynskjer å flytte heim innan 5 år

HA5-Attraktive bumiljø - delprosjekt

Arbeide for kommunal satsing på bustadfelt.

Stimulere grunneigarar/utbyggjarar til å opparbeide tomtefelt og enkelttomter.

Stimulere utbyggjarar til å planlegge og bygge leilighetar og bustader.

Marknadsføre Fyresdal kommune sin evne til fleksibilitet og skreddarsydde løysingar for busetting.

HA6-Hamaren Aktivitetspark - delprosjekt

Sette ned prosjektgruppe

Involvere målgrupper

Utarbeide plan for området

Lage prosjektplan

Arbeide for finansiering av tiltak

Gjennomføre tiltak

HA7-Folkestadbyen – attraktivt og berekraftig sentrum-delprosjekt

Involvere næringsdrivande i Folkestadbyen.

Stimulere til lokal handel.

Gjennomføre undersøking blant hyttefolk, skape engasjement og meir bruk av hytter.

Støtte opp om aktivitet i sentrum.

Tilby ekstern hjelp til butikk og forretningsutvikling.

Arbeide for stabile verksemder i alle tilgjengelege næringslokalar i sentrum

HA8-Aktiv i Fyresdal - delprosjekt

Motivasjonsmøte

Oppfølging av prosjekt

Etablere fadderordning

Etablere ordningar innan dei frivilljuge laga i Fyresdal.

Utarbeiding av introduksjonsrutinar.

Stimulere til deltaking i eksisterande sosiale aktivitetar.

HA9-Ungdom tar ansvar – delprosjekt

Invitere til motivasjonsmøte blant ungdom i Fyresdal

Lage ein tiltaksplan på bakgrunn av initiativ frå ungdom.

Ambassadørkurs for unge – gjere dei bevisste om framstilling av eigen kommune.

Engasjere og informere.

Stimulere til arrangement av ungdom for ungdom.

HA10-Etablering og utvikling av næringshagemiljøet - referanseprosjekt

Informasjonsutveksling med prosjektet.

Målgrupper

Målgruppene for hovudprosjektet er samansette, men kan oppsummerast slik:

- Potensielle tilflyttarar, spesielt:
 - o Barnefamiliar med tilknytning til Fyresdal gjennom oppvekst, familie eller eigedom

- Eigne innbyggjarar, spesielt:
 - o Barn og ungdom
 - o Utsette grupper
 - o Barnefamiliar

- Brukarar av handels- og servicetilbud i Fyresdal
 - o Eigne innbyggjarar
 - o Hytteigarar

- Utviklarar av næringsliv og handels- og servicetilbud
 - o Butikkeigarar i Folkestadbyen og Molandsmoen
 - o Nye verksemder
 - o Eksisterande verksemder

Målgruppene for dei enkelte prosjekta vil i nokon grad vere ulike, og vil bli meir spesifisera i dei enkelte planar.

Resultat

HA1-Planlegge og finansiere prosjektet - resultat: gi trygghet og forutsigbarhet til gjennomføring av prosjektet

HA2-Koordinering av hovudprosjekt og delprosjekt - resultat: gje gode overføringsverdiar mellom alle aktivitetane i prosjektet og bidra til betre prosjektgjennomføring

HA3-Statusrapportering - resultat: god orientering om prosjekt på eigarnivå

HA4-Oppfølging av heimflyttarar - resultat: gje dei interesserte ei kjensle av at kommunen er genuint interessert i å få dei heim til Fyresdal. Vil og gje auka folketal.

HA5-Attraktive bumiljø - resultat: aktivitetane i HA5 vil gjere innbyggjarar merksame på behovet for tomter og leiligheter. Dei vil og få ein innblikk i marknaden og sjå at det er etterspurnad. Aktivitetane vil gjere innbyggjarane interesserte i utvikling av bumiljø og føre til fleire attraktive tomter og hus til sals.

HA6-Hamaren Aktivitetspark - aktivitetane i HA6 vil engasjere innbyggjarane til å skape ein aktivitetspark som inneheld dei mogleghetane dei ynskjer seg. Parken vil bli planlagt av fagpersonar og vil fylgje retningslinjer for friluftsområde. Innbyggjarar vil få eit eigarskap til parken og bruken den mykje.

HA7-Folkestadbyen – attraktivt og berekraftig sentrum - resultat: aktivitetane i HA7 vil føre gruppa av tilbydarar i Folkestadbyen endå tettare saman. Dei vil arbeide fram tiltak som gjer Folkestadbyen til ein attraksjon i Fyresdal. Dette vil føre til meir besøk og dermed trygge arbeidsplassane i Folkestadbyen. Ved å involvere andre innbyggjarar i utviklinga av Folkestadbyen vil dei få eit eigarskap til handlegata og dette vil styrkje Folkestadbyen som møteplass for innbyggjarar og besøkande.

HA8-Aktiv i Fyresdal - resultat: aktivitetane i HA8 vil bidra til at fleire i Fyresdal tek ansvar for integrering og inkludering i bygda vår. Med ein ekstra pådrivar og tilretteleggar kan dette arbeidet etterkvart bli ein naturleg del av måten vi driv lag og organisasjonar. Ved involvering av foreldre gjennom FAU, vil inkludering og bli ein naturleg del klasse miljøet. Resultatet blir at fleire nye trivast betre og fungerer betre saman med og ikkje på sida av, det etablerte miljøet.

HA9-Ungdom tar ansvar - resultat: aktivitetane i HA9 vil gje ungdommen eit eigarskap til utvikling av eit godt miljø i Fyresdal. Det vil gjennom prosjektet bli naturleg for dei og ta ansvar for å få til spennande ting og dei vil sjå si eiga gruppe i samanheng med andre grupper i bygda. Resultatet blir ein meir bevisst og stolt ungdomsgruppe som får sterke røter i Fyresdal og eit positivt syn på å flytte heim i etableringsfasen.

HA10-kontakt med Næringshageprosjektet - resultat: Ved å samarbeide med næringshageprosjektet vil prosjektleiar og prosjektgruppene i hovudprosjektet til ein kvar tid vite om utviklinga av arbeidsplassar i bygda. Ved rekruttering av nye familiar til bygda er det heilt naudsynt å vite om ledige jobbar, moglegheten for etablering av verksemd i Fyresdal, og utviding av eksisterande verksemdar. Resultatet blir at prosjektet kan gje betre informasjon og betre mogleghetar til dei som ynskjer å flytte heim.

Effekter

Eg meiner eg har svart på hvilke effektene resultatene gir i boksen over.

Størst risiko ligg fyrst og fremst i finansieringa. Om vi ikkje klarar å finansiere tiltaka etter planen, kan vi heller ikkje gjennomføre prosjektet i det omfanget det er lagt opp til. I eit slikt tilfelle vil vi måtte omprioritere.

Det blir viktig for prosjektet at prosjektleiar har kompetanse frå større prosjekt og har god kunnskap om PLP-metoden. Det er og viktig at prosjektleiar i delprosjekta har den naudsynte kompetansen og at utterlegare kompetanse blir tatt inn ved behov.

I både delprosjekt og hovudprosjekt blir det svært viktig å kommunisere med ofte målgruppene og bruke referansegrupper og andre grupper av innbyggjarar aktivt i prosjektet. Dette er viktig for å få effekten av prosjektet ut til flest mogleg innbyggjarar, nemleg at Fyresdal blir ein betre plass å bu.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Milepælar hovudprosjekt: 1. Prosjektet er fullfinansiert 15.06.2013 2. Datofesta skjema for oppfølgingskontakt med

Kostnadsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
						0
						0
HA 1	70 000					70 000
HA 10	20 000	10 000				30 000
HA 2-4	420 000	420 000	420 000			1 260 000
HA 5	500 000	500 000	500 000			1 500 000
HA 6	300 000	1 000 000	240 000			1 540 000
HA 7	280 000	390 000	110 000			780 000
HA 8	305 000	305 000				610 000
HA 9	300 000	400 000	100 000			800 000
Sum kostnad	2 195 000	3 025 000	1 370 000			6 590 000

Finansieringsplan

Tittel	2013	2014	2015	2016	2017	SUM
Direktoratet for Naturforvaltning		100 000				100 000
Eigeninnsats	200 000	400 000	400 000			1 000 000
Fyresdal kommune	670 000	670 000	670 000			2 010 000
Kommunal- og regionaldepartementet	2 520 000					2 520 000
Norges Idrettsforbund		50 000				50 000
Norsk Tipping		400 000				400 000
Telemark Fylkeskommune, folkehelse	40 000	40 000				80 000
Telemark Fylkeskommune, integreringsmidler	50 000	50 000				100 000
Telemark Fylkeskommune, kultur	25 000	25 000				50 000
Telemark Fylkeskommune, regionale midler	200 000					200 000
Telemark Lys AS	40 000	40 000				80 000
Sum finansiering	3 745 000	1 775 000	1 070 000			6 590 000

Geografi

831-Fyresdal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
prosjektplan-hovedprosjekt-fyresdal-pr07032013.docx	1 847 534	08.03.2013
Vedlegg 1.docx	1 120 698	08.03.2013
Vedlegg 10.docx	18 104	08.03.2013

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Vedlegg 11.docx	30 604	08.03.2013
Vedlegg 12.doc	35 840	08.03.2013
Vedlegg 2.docx	425 507	08.03.2013
Vedlegg 3.docx	1 466 363	08.03.2013
Vedlegg 4.docx	251 606	08.03.2013
Vedlegg 5.pdf	70 611	08.03.2013
Vedlegg 6.pdf	110 452	08.03.2013
Vedlegg 7.pdf	79 417	08.03.2013
Vedlegg 8.pdf	341 612	08.03.2013
Vedlegg 9.xlsx	13 793	08.03.2013